



STATENS VEGVESEN
Postboks 8142 Dep

33 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1180 - 17/9458

Saksbehandlar:
Frøydis Ones
Froydis.Ones@lindas.kommune.no

Dato:
24.03.2017

Fastsetting av planprogram for kommunedelplan E39 Flatøy- Eikefettunnelen

Vedlagt følgjer vedtak i Plan- og miljøutvalet – 22. mars 2017

Med helsing
Frøydis Ones
konst. avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.

Andre mottakarar:

STATENS VEGVESEN
Meland kommune, Statens vegvesen



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
031/17	Plan- og miljøutvalet	PS	22.03.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Frøydis Ones	16/1180

Fastsetting av planprogram for kommunedelplan E39 Flatøy-Eikefettunnelen

Vedlegg :

Revidert planprogram 010317-EndeligSamandrag av merknader med kommentarar 0103172017-01-19-Innspel_Alle samlarKommunedelplan E39 Flatøy-EikefettunnelenBrev i forb med ny vegInnspel til valg av veg trase ved ny 1

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Plan- og miljøutvalet faset planprogrammet for Kommunedelplan E39 Flatøy-Eikefettunnelen, revidert 1. mars 2017. Vedtaket vert gjort i samsvar med plan- og bygningslova § 4.1.

PMU sender saka attende til Statens Vegvesen for å få vidare handsaming av planprogrammet. Innspela som har kome etter tidsfristen, men som er sendt ved saka til kommunen, ønskjer vi at SVV skal handsama og leggja inn i sakspapira.

PMU bed administrasjonen i Lindås kommune å oversenda andre innspel som har kome direkte til kommunen etter fristen 16.12.16.

PMU bed SVV om å leggja planprogrammet ut på ny høyring med høyringsfrist fire veker fram i tid frå datoen for ny utlegging.

PMU bed administrasjonen i Lindås kommune organisera eit styringsgruppemøte for planen etter at SVV har handsama merknadene som er komne inn. I samband med dette, bed ein også om at det vert kalla inn til eit fellesmøte mellom Meland og Lindås på styringsgruppenivå. (Dette skal vera etter at Lindås har hatt styringsgruppemøte.)

Plan- og miljøutvalet - 031/17

PM - behandling:

Fellesframlegg v/Sæbjørg H. Kjeka-Krf vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

PMU sender saka attende til Statens Vegvesen for å få vidare handsaming av planprogrammet. Innspela som har kome etter tidsfristen, men som er sendt ved saka til kommunen, ønskjer vi at SVV skal handsama og leggja inn i sakspapira.

PMU bed administrasjonen i Lindås kommune å oversenda andre innspel som har kome direkte til kommunen etter fristen 16.12.16.

PMU bed SVV om å leggja planprogrammet ut på ny høyring med høyringsfrist fire veker fram i tid frå datoen for ny utlegging.

PMU bed administrasjonen i Lindås kommune organisera eit styringsgruppemøte for planen etter at SVV har handsama merknadene som er komne inn. I samband med dette, bed ein også om at det vert kalla inn til eit fellesmøte mellom Meland og Lindås på styringsgruppenivå. (Dette skal vera etter at Lindås har hatt styringsgruppemøte.)

Saksopplysningar:**Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet. Utvalet tek stilling til om planprogrammet for kommunedelplanen kan fastsetjast. Planprogrammet vert då førande for utarbeiding av planframlegg for E39 som seinare skal handsamast av plan- og miljøutvalet.

Bakgrunn

Plan- og miljøutvalet vedtok i møte 19.10.2016, sak 124/16 å kunngjere oppstart av planarbeid for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen. Samstundes vedtok utvalet å leggje framlegg til planprogram med silingsrapport til offentleg ettersyn.

Framlegg til planprogram for Kommunedelplan E39 Flatøy-Eikefettunnelen har saman med silingsrapport lagt til offentleg ettersyn i perioden 4. november 2016 til 20. desember 2016.

Statens vegvesen har vurdert merknader til planprogrammet og innspel til planarbeidet. Desse er oppsummert og kommentert i eigen rapport frå Statens vegvesen. I alt 27 merknader er kommentert. I tillegg er det lagt inn merknader som kom inn etter at vegvesenet hadde ferdigstilt vurderingane av merknadene. Det vert vist til vedlegga for utfyllande informasjon om merknadene og Statens vegvesen si vurdering av desse.

Gjennom handsaminga av merknadene har vegvesenet gjort endringar i planprogrammet på nokre punkt. Desse endringane er tydeleggjort i merknadsdokumentet.

Statens vegvesen har kommentert dei sist innkomne merknadene i e-post av 10. mars:

«Lindås kommune har sendt spørsmål om handtering av tre ettersendte innspel som gjeld området på Åse (sjå vedlegg).

Sjølv om innspela har kome etter uttalefristen har utlaupt, vurderer Statens vegvesen at det er i sakas interesse at desse aktørane får anledning til å uttale seg, særskilt fordi det er ingen andre innspel frå bebuarar/aktørar i det aktuelle området, og det vert peikt på forhold som ikkje kjem fram i andre innspel.

Saka er no til handsaming hos kommunane. Innspela endrar ikkje Statens vegvesen si haldning til å konsekvensutgreie alternativa via Åse, og ser det difor ikkje som naudsynt å stoppe sakshandsaming av planprogrammet i kommunane no. Statens vegvesen vil likevel rå til at dei aktuelle politiske utvala vert orientert om innspela slik at dei kommunale vedtaka vert fatta på best mogeleg informasjonsgrunnlag.

Opplysningane som vert gitt i desse innspela vil verte tatt til orientering i det vidare planarbeidet på lik line som andre innspel.»

Vurdering

Det er eit overordna samfunns mål å få ny trase for E39 planlagt. Måla for arbeidet er fastsett i planprogrammet, og det vidare arbeidet vil tydeleggjere konsekvensar på ulike nivå og for ulike grupper og eigedomar. Som ei samla vurdering finn ikkje administrasjonen grunnlag for å tilrå å gå vekk frå korridorane som er lagt til grunn for det vidare planarbeidet.

Administrasjonen støttar i hovudsak også vurderingane som er gjort av vegvesenet i forhold til endringar i planprogrammet. Det er ikkje gjort store endringar i dette dokumentet. Når det gjeld innspel til det vidare planarbeidet og vegvesenet sine merknader til desse, er dette noko som kommunen vil kunne kome attende til seinare.

Administrasjonen er samd med vegvesenet i at merknader som er kome inn etter fristen 20. desember kan takast med i det vidare planarbeidet. Merknadene som er kome inn i mars månad kan ikkje leggjast til grunn for eventuelle endringar i planprogrammet sidan vegvesenet hadde lukka denne fasen av planprosessen då merknadene kom inn. Merknadene kan likevel bidra til utfyllande informasjon i den neste fasen i planarbeidet, utforming av planframlegg. Vektinga av dei ulike merknadene vert gjort i den same fasen.

Vi finn grunnlag for å kommentere ein merknad frå vegvesenet. Statens vegvesen seier som kommentar til merknad frå eining for eigedom at: «Det er naturleg at Lindås kommune vedtek å leggje ned byggje- og deleforbod i dei traseane som planprogrammet viser skal utgreiast.» Punktet må diskuterast og vurderast meir inngåande før Lindås kommune tek stilling til å leggje ned forbod mot tiltak i traseane som skal utgreiast.